


Siste nytt frå 1600-talet

Skatteting i Åsen 1667

Tekst: Oddmund L. Hoel

Anno 1667 den 5 Junj paa Aasen Tingstue udi Jøstedals Schibbred i Tingstuen
 Wi Wunderskreffne Nemblig Christopher Gierdtzen Kongelig Mayestetets Fougit, Suorrenskriueren
 Anders Sørrensen, Lensmanden Olle Aasen, Siuffuer Cronnen, Knud Snetun, Claus Hellegaard,
 Anders Kieppe, Laurids Bachen, Errig Mielduer, Maties Ormberg, Eidsuorne Laug Retis
 Mend i bemelte Schibbred, effter worris Allernaadigste Herris och Kongis Wdgangne
 forordning som i dag paa Tinget er bleffuen for kyndet, Lignet och Lagt Schater
 till huer Gaard och Mand som kunde eragtis goed for at Schate effter Kongelig
 Mayestetets Wdgiffne skate breff formelding saaledis som forskreffuet
 staar bekræffter wi met egne hender och Zigneter her neden for Actum Anno die ut
 Supra.



Tingsvitnet i skattelista med segla til dei to embetsmennene, lensmannen og dei sju lagrettemennene (bøndene) som er nemnde.

Det er ikkje mykje nytt frå 1600-talet i Jostedalen sidan i fjor, men me tek med eit brev frå 1667. I JSA 2012 var me inne på om Jostedalen høyrde til Luster eller Hafslo den fyrste tida etter nyriddinga på 1500-talet. Der var oppsummeringa at dei faste bygdedinga for Jostedalen skipreide vart haldne i Marifjøra i lag med Marifjøra skipreide (Indre Hafslo) fram til ein gong mellom 1660 og 1680 og deretter i Dale i lag med Luster skipreide. Eg nemnde den eine gongen eg kjenner til at det vart halde eit separat bygdeding i Jostedalen. Det var eit skatteting i Åsen 5. juni 1667, altså eit ting der skatten vart innkravd. Det står ikkje i tingboka der referat frå alle bygdeding i Indre Sogn vart førde inn, så me kjenner berre til det gjennom eit tingsvitne som er innført i skattelista. Eit tingsvitne var eit skriftleg og stadfest rettsleg vitnemål om ei hending. Eg kjenner ikkje grunnen til at dette tinget vart halde i Jostedalen, og det kan ikkje utelukkast at fleire bygdeding òg vart haldne i Jostedalen på denne tida. Når det vart halde

i det som vert kalla «Aasen tingstue», var det nok fordi lensmann Ole Åsen budde her.

Skatten som jostedalsbøndene fekk gleda av å betale ved dette høvet, var den årlege

leiglendingsskatten, altså den faste skatten på garden som alle bønder betalte. I tillegg vart det desse åra kravd inn skyssferdsskatt, som var ein skatt som var komen i staden for skyssplikta til bøndene i 1663, og ryttarskatt, som var ein militærskatt som fanst 1663–70. Det var 37 skattepliktige gardbrukarar i Jostedalen i denne skattelista, og to av dei var ikkje i stand til å betale. På Nedrelid heiter det om den eine av dei to brukarane: «Iffuer Er Ganske Wdarmet, och nu bort Rømt». På Ormberg hadde Mattis betalt det han skulle for halve garden medan «Søllfest er saa Ganske Wdarmet, at hand ingen skat, formaar at wdgiffue, och er for sinne Misgierninger skyld dømbt her i fra». Fattige og utarma bønder er eit vanleg innslag i skattelistene frå Jostedalen og vitnar på sitt knappe vis om harde levekår.

Futen Christopher Gjertsen på Flahammar var nok elles ikkje berre kongeleg embetsmann med ansvar for skatteinndringa ved dette høvet. Han var privat godsforvaltar og kravde inn jordleiga

for Hans Lillienkjold som åtte alle gardar i Jostedalen, og nokre år seinare kjøpte Gjertsen sjølv alle gardane i Jostedalen frå Lillienkjold.

Tingsvitnet lyder slik:

Anno 1667 den 5 Junj paa Aasen Tingstue udi Jøstedals Schibbred haffuer wi Wunderskreffne Nemblig Christopher Gierdtzen kongelig Mayestetets Fougit, Suorrenskriueren Anders Sørrensen, Lensmanden Olle Aasen, Siuffuer Cronnen, Knud Snetun, Claus Hellegaard, Anders Kieppe, Laurids Bachen, Errig Mielduer, Maties Ormberg, Eidsuorne Laug Retis Mend i bemelte Schibbred, effter worris Allernaadigste Herris och Kongis Wdgangne forordning som i dag paa Tinget er bleffuen for kyndet, Lignet och Lagt Schater till huer Gaard och Mand som kunde eragtis goed for at Schate effter Kongelig Mayestetets Wdgiffne skate breff formelding saaledis som forskreffuet staar bekræffter wi met egne hender och Zigneter her neden for Actum Anno die ut Supra,

Christopher Gierdtzen
 Anders Søffrensen
 Wdj dete lille Schibbred fin[des]
 iche flere Suorren Mend.

Kjelde

Denne avskrifta med peikar til originaldokumentet (Digitalarkivet) og fleire opplysningar er lagd ut på nettsida til Jostedal historielag, sjå http://www.historielaget.jostedal.no/?page_id=2988.